

**Sakshandsamar:**

Siri Merete Nedland
E-post: Siri.Merete.Nedland@sfj.no
Tlf: 57 65 62 11

Vår ref.

Sak nr.: 12/6924-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

41213/12

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 29.11.2012

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Fråsegn - forskrift om rammeplanar for lærarutdanning trinn 8 - 13

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil gje følgjande fråsegn i ovannemnde høyring:

- 1) Forslag til forskrift for praktisk pedagogisk utdanning (PPU) for trinn 8 – 13.

Forslaget inneber at studentane må ha eitt fag på masternivå og eitt anna fag på lågare nivå som begge gir undervisningskompetanse før dei startar på PPU.

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar ikkje kravet om mastergrad i eitt av dei aktuelle faga. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar heller ikkje kravet om at studentane må ha minst to fag før dei kan starte på PPU. Med desse krava vil det bli ein sterk reduksjon talet kvalifiserte søkarar, noko som kan føre til ein vanskeleg rekrutteringssituasjon for dei vidaregåande skulane i fylket. Det er i dag eit stort tal ufaglærte lærarar i norsk skule. Kravet om mastergrad som einaste inngang til PPU vil truleg gjere lærarmangelen endå større, og ikkje berre i distrikta.

I 2011 hadde 450 av totalt 1851 uteksaminerte PPU-studentar i Noreg mastergrad. Sogn og Fjordane fylkeskommune er redd for at spesielt mindre skular i distrikta kan få problem med å fylle ledige stillingar dersom opptakskravet vert sett til masternivå.

- 2) Forslag til forskrift for yrkesfaglærarutdanning og PPU for yrkesfag.

Forslaget inneber at dei med fagbrev må ta ei treårig yrkesfaglærarutdanning før dei kan begynne som lærarar på yrkesfag. PPU for yrkesfaga vert då spesielt for studentar med 3-årig relevant utdanning.

Med omsyn til rekruttering av yrkesfaglærarar til dei vidaregåande skulane vert det uheldig å utelukke kandidatar med fagbrev frå opptak til PPU.

PPU for yrkesfaglærarar må framleis omfatte både studentar med fagbrev og relevant yrkesteoritisk utdanning og studentar med 3-årige relevant profesjonsretta bachelorutdanning.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at toårig teknisk fagskule er god vidareutdanning for yrkesutøvarar med fagbrev, og denne gruppa er svært viktig i rekrutteringssamanheng til dei vidaregåande skulane. Ein må ikkje risikere å miste denne gruppa yrkesutøvarar som ynskjer å bli yrkesfaglærarar.



Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at forskrifta ikkje kan tre i kraft før tidlegast til studentopptaket 2014-2015. Ein må ta omsyn til at studentar som alt er i eit utdanningsløp må få høve til å søke opptak på PPU etter gammal ordning.

Med helsing

Siri Merete Nedland
Teamleiar

Odd Einar Fimreite
Rådgjevar

Mottakar (ar)

Det Kongelige Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 Dep. 0032 OSLO

Kopi til:

Bekka Skaasheim, OA
Per Jørgen Loen, OA
Odd Einar Fimreite, OA